

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte: 2-2016
Tid: Mandag 29. februar kl. 11:30 – 16:00
Stad: Vest politidistrikt, Bergen

Til stades:

Ordfører:	Karstein Totland, Jon Askeland, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes, Hallvard Oppedal, Jarle Skeidsvoll, Øyvind Oddekav, Stian Herøy, Tom Kristian Thorsen,
Rådmenn:	Ingvild Hjelmtveit, Svein Helge Hofslundsengen, Jarle Landås, Jostein Førre, Reidun Halland, Vidar Bråthen
NUI:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss
Andre:	Politidistrikt Vest: Politimeister Kaare Songstad, Fylkesmannen i Hordaland: Fylkesmann Lars Sponheim, prosjektleiar Ole Bakkebø
Forfall:	Øivind Olsnes, Ørjan Raknes Forthun, Jan Olav Osen

Sak 13/16	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 14/16	Godkjenning, protokoll møte 1-2016 Møteprotokoll frå møte 1-2016 vart godkjent utan merknadar.
Sak 15/16	Innspel til Kvinnslandsutvalet (utgreiing av ny organisering av eigarskapet til spesialisthelsetenesta) Utkast til innspel til Kvinnslandsutvalet var sendt ut på førehand. Vedtak: Regionrådet slutta seg til forslaget til uttale og ber NUI senda dette til Kvinnslandsutvalet.
Sak 16/16	Status søknadar skjønsmidlar 2016. Nye innspel frå kommunane? Rune Heradstveit orienterte kort om status for innkomne og planlagde søknadar, og spurte om medlemmene kjende til andre søknadar som var aktuelle. Ein har d.d. ikkje full oversikt over alle søknadar som er tenkt sendt. Ein må derfor handsama Regionrådet si prioritering pr. e-post utveksling. Vedtak: Regionrådet slutta seg til at NUI sender ei saksutgreiing med forslag til prioritering av søknadane på e-post. Den enkelte sluttar seg så til innstillinga eller kjem med andre forslag.
Sak 17/16	Møte med politimeister Kaare Songstad, Vest politidistrikt Karstein Totland innleia fyrst kort om regionen vår. Deretter litt om inntrykket av, og samarbeidet med, politiet i Nordhordland i dag. Me har i dag eit godt kontor i Nordhordland som har jobba godt med førebyggjande arbeid og som har eit godt samarbeid med

	<p>kommunane. Regionen ynskjer å oppretthalda eit stort kontor i Knarvik, og det bør vera eit kontor mellom Knarvik og Sognefjorden. Totland viste elles til skrivet som var sendt frå Region Nordhordland til politimeisteren datert 11. januar 2016 (kopi til kommunane).</p> <p>Politimeister Kaare Songstad takka for initiativet til møte som Regionrådet hadde tatt, og for den informasjonen han hadde fått gjennom skrivet og innleiinga. Dette ville han ta med vidare i prosessen. Han orienterte så om politireforma og prosessen framover, og tankar han hadde for det vidare arbeidet med reforma og organisering av politiet i Vest politidistrikt. Han skjønnte mange av synspunkta som var i skrivet og som kom fram i møtet, og han ville leggja vekt på god dialog med kommunane framover.</p>
Sak 18/16	<p>Kommunereform. Førbeuing til forhandlingsmøtet 1. mars.</p> <p>Utkast til intensjonsavtale for Nordhordlandsalternativet vart kort gjennomgått, og nokre endringar (språkleg) vart gjort. Deretter litt diskusjon om prosessen vidare.</p> <p>Fylkesmann Lars Sponheim orienterte så om status for kommunereforma i Hordaland, og gjekk gjennom dei ulike alternativa og konstellasjonane ein har rundt om i fylket. Han viste elles til Rattsø-utgreiinga og til at oljeprisen ikkje vil koma opp att på toppnivå, og at me etter kvart får ei eldrebølgje. Han understreka at kommunane må førebu seg på, uavhengig av kommunereforma, mindre pengar frå staten i framtida. Dette betyr at kommunane må førebu seg ved å verta sterkare og gjera ting enklare og nytta midlane på ein endå betre måte. Det vil i framtida vera stor usikkerheit vedr . konsesjonskraftmidlar og eigedomsskatt på verk og bruk. Retninga når det gjeld innretting av inntektssystemet ser ut til å gå mot meir inntekt pr. person og ikkje kommune.</p> <p>Han viste vidare til at også regional stat må gjera grep og at t.d. fylkesmennene ikkje slepp unna rasjonalisering og omorganisering. Det same vil venta andre statsetatar og det vil også gjelda fylkeskommunane.</p> <p>Kva enkelt ordførar orienterte så om status i eigen kopi og i forhold til ulike alternativ.</p>
Sak 19/16	<p>Meldingar og eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Det var eit ynskje om å få status for Nordhordlandspakken i neste Regionrådsmøte.

Knarvik, 17. mars 2016

Karstein Totland

Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS